

Grunneigarar i Husdalen
v. Gaute Husdal,
Fossane 157,
5131 NYBORG

23.11.2013

NVE, konsesjonsavdelinga,
seksjon for vassdragsinngrep,
v/ Bård Ottesen,
baso@nve.no

Uttale til Lerøy Vest AS sine planar om vassuttak og regulering av Husdalsvatnet

Uttalen tek utgangspunkt i synfaringa av Lerøy Vest AS sine planar, 13.
november 2013.

Avtalegrunnlag

Regulering av Husdalsvatnet sitt vassnivå vert regulert av to avtalar:

- Kontrakt mellom grunneigarane og Konsul Ludvig Konov frå 1865.
- Kontrakt mellom grunneigarane og K. Irgens frå 1888.

Begge kontraktane gjeld også for etterkomande grunneigarar, samt Konsul
Ludvig Konov og K. Irgens sine etterkomarar.

Avtaleinnhald

Avtalen med K. Irgens omhandlar retten til oppdemming og bruk av vatn for
«Bjørsvigs Mølle- og Sagbruk».

Reguleringshøgda er definert i avtalen, og det er etablert ei luke i demninga for
å regulere vassnivået.

Situasjonen i dag – avtalebrot

Som grunneigarar opplever me følgjande:

- Vasshøgda i Husdalsvatnet er i store delar av året langt over avtalt maksimalhøgde.
- Vassnivået var spesielt høgt sommaren 2013.
- Den høge vasstanden og oppdemminga over avtalt nivå, skuldast i vesentleg grad at reguleringsluka i demninga ved kanalen er mura igjen. Dette er gjort av Setre, utan samtykke frå grunneigarane, noko me ser på som eit klart **avtalebrot**.

Eit anna forhold er at nye røyr til kraftstasjonen i Bjørsvik vart plassert oppå brua ned mot Krokane. Dette skjedde i samband med utskiftinga av røyr gata på 1980-talet, og var ikkje i tråd med avtalen. Plasseringa hindrar ålmenta si ferdsle.

Negative konsekvensar

Høgare vasstand og oppdemming ut over gjeldande avtale, fører til reduisert bruks- og rekreasjonsverdi, med mange ulemper for både grunneigarane av Husdalsvatnet og ålmenta.

Ulempene er spesielt knytt til friluftslivet, med reduserte mogelegheiter for;

- fiske frå land (fiskeplassane vert liggjande under vatn).
- badeliv og soling.

Generelt sett har rørsle og opphald langs strandlina til vatnet vorte svært avgrensa og vanskeleg. Desse forholda knytt til ålmentas ferdsle og bruk, vart også kommentert av NVE under den nemnde synfaringa.

Me vil òg peike på ulempene for gardane til Husdalsvatnet. Den høge vasstanden fører til tap av strandline. Mellom anna gjev dette vanskar for lagring av båtar, ved og tømmer, med auka krav til tilsyn. Vidare er me som grunneigarar avhengig av vatnet som transportveg for å få fram skogressursane på nordsida av vatnet. I dette høve stiller me oss spørjande til korleis auka vasshøg og reguleringsnivå vil påverke islegging og bruk av vatnet om vinteren.

Eit anna forhold er korleis det endra vass- og reguleringsnivået påverkar dei avgrensa gytevilkåra for auren i Husdalsvatnet, , og såleis fiskeproduksjonen.

Etter det me kjenner til, skjer gyting i innlaupsbekkane i Aldalen og Linnebotn. Dette er bekkar med ustabil og varierende vassføring, med periodevis turrlegging, spesielt litt oppe i bekkane. Terrenget er relativt flatt nedst mot vatnet. Ved høg vasstand i innsjøen om hausten, slik som i år, kan dei nedste og beste gyteforholda i bekkane, bli ein del av innsjøarealet.

Resultatet kan bli at fisken søker høgare opp i bekkane enn normalt for å gyte, og såleis leggje rogn på mindre gunstige område, både når det gjeld substrat og vassføring. Konsekvensane kan bli turrlegging og innfrysing av rogn, vinterstid.

Desse momenta ønskjer me å trekkje fram som mogelege problemstillingar. Men me vil samstundes understreke at høg nok vasstand i innsjøen om hausten, med tilgang til gytebekkane for fisken, vil vere det viktigaste for å sikre gytetilhøva.

Krav frå grunneigarane

Våre krav er:

- Regulering av vassnivået i Husdalsvatnet i tråd med gjeldane avtale, inntil eventuell ny avtale føreligg.
- Opning av luke i demning, som grunnlag for uttapping og regulering av vassnivået i høve til avtalen.
- Økonomisk kompensasjon for at gjeldande avtale ikkje er fylgt.
- Gjennomgang og re-forhandling av gjeldande avtale med utgangspunkt i dagens situasjon og Setre sin utvida bruk av vassressursane (kraftstasjon og smoltanlegg).

Med helsing

Kjell Husdal
grunneigar til
gnr. 230. bnr. 1 og 2

Gaute Husdal
grunneigar til
gnr. 230. bnr. 1 og 2